

SULA KOMMUNE

Viltnemnda

INNKALLING

Møtedato: 15.05.2018
Møtestad: Sula rådhus, møtrom i 3 etg
Møtetid: Kl. 17:00

Eventuelt forfall skal meldast til servicetorget, tlf 70 19 91 00.
Varamedlemmer møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møtet er ope for publikum.

Sula kommune
15.05.18

Bjarne Stadsnes
utvalsleiar

Sakliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
006/18	Godkjenning av møtebok nr.	
007/18	Skotpremie på utvalde artar i Sula kommune	

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Gry Kristina Sommerstad	Arkiv:	K1 - 033
Arkivsaksnr:	18/671 18/9933		

Godkjenning av møtebok nr.

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Viltnemnda	15.05.2018	006/18

Rådmannen si innstilling:

Møteprotokollen vert godkjent.

Tittel	Dok.ID
Protokoll - Viltnemnda - 01.03.2018	340463

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Espen Søbstad	Arkiv:	K1 - 033
Arkivsaksnr:	15/1208 18/9574		

Skotpremie på utvalde artar i Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Viltnemnda	15.05.2018	007/18
Formannskapet		
Kommunestyret		

Rådmannen si innstilling:

Sula kommune innfører skotpremie på utvalde artar frå og med kalenderåret 2019. Kommunestyret set årleg av ei ramme på kr 15 000,- til føremålet, og summen vert første gong innarbeidd i 2020-budsjettet, med første utbetaling i januar 2020.

Utbetaling skal avreknast på bakgrunn av dyr som er felt i Sula kommune i aktuell jakttid det føregåande året. Dersom samla utbetaling overstig kr. 15 000,- skal utbetaling per dyr avkortast pro rata, slik at summen ikkje overstig ramma. Personar som gjer krav på utbetaling skal vere busett i Sula kommune og skal oppgje koordinatar som syner kvar viltet er skutt eller fanga. Avliving skal alltid skje på ein trygg og human måte. Jegerar som ikkje rettar seg etter dette, misser retten til utbetaling av skotpremie fullt og heilt.

Kommunestyret vedtar skotpremie på følgjande artar, med tilhøyrande satsar:

- Mink: 250,-
- Mår: 200,-
- Raudrev: 200,-

Bakgrunn for saka:

På bakgrunn av førespurnad og oppmoding frå Sula Jeger- og Fiskerforening, gjorde viltnemnda i Sula kommune slikt vedtak, 1. mars 2018:

Viltnemnda stiller seg positiv til innføring av skotpremie på predatorar i Sula kommune. Nemnda ber rådmannen legge fram ny sak om temaet i mai 2018. Saka skal mellom anna innehalde forslag til storleik og innretning på skotpremiane, totalsum på utbetalingane, samt kva artar som skal vere omfatta.

Saksopplysningar:

§ 51 i viltlova set fram to vilkår for innføring av skotpremie:

1. Artane det vert oppretta skotpremieordning på må ha jakttid
2. Artane må gjere skade

Skadeomgrepet har tidlegare vore definert strengt. Lovgjevar har først og fremst tenkt på skade av økonomisk karakter, primært skade på næringsverksemd. I det seinare har ei oppmjuking av forståinga av skadeomgrepet funne stad, og i brev av 13.01.2014 skriv Miljødirektoratet:

Sett i lys av de siste års forskning på sammenhengen mellom bestandsstatus og predasjonstrykk for våre vanligste småviltarter, og da særlig på hønsefuglartene, er det grunn til å moderere tidligere års krav om forsiktighet. Særlig gjelder dette for introduserte og uønskede arter som mink. Det må derfor i dag anses som relativt kurant for fylkeskommunen eller kommunen å gi tillatelse til skuddpremie på smårovvilt med jakttid som for eksempel rødrev og mink.

Regional- og næringsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok i møte 7.2.2017 sak RN-6/17 å gi fullmakt til kommunane for fastsetting av skotpremie.

Mink

I direktoratet for naturforvaltning sin handlingsplan mot amerikansk mink (Neovison vison) heiter det at:

Mink påvirker rødlistearter og andre viktige arter negativt, både innenfor og utenfor verneområder. Arten er vurdert til å utgjøre en høy risiko for norsk naturmangfold i Artsdatabankens svarteliste fra 2007.

Minken truar fleire artar direkte gjennom predasjon, men også indirekte gjennom å påverke artssamansetting, vegetasjon og livsgrunnlag for andre artar. Minken er generalist og et både fugl, fisk, små pattedyr, amfibier og virvellause dyr. Sjøfugl som hekkar på bakken er særleg sårbar for auke i minkbestanden, og kan forsvinne heilt frå områder med mink.

Lokale viltinteresserte melder om at mink ofte vert observert i Sula. Særleg på Langevågsholmane ser minkbestanden ut til å ha auka dei siste åra, parallelt med at ein har sett ein nedgang i talet på sjøfugl, inkludert utryddingstrua artar som ærfugl og krykkje.

Raudrev

Raudreven er ein opportunist og ein svært tilpassingsdyktig predator. Nasjonalt trur ein at bestanden har auka kraftig dei siste tiåra. På bakgrunn av observasjonar i Sula kommune er det grunn til å tru at bestanden har gått kraftig opp også her.

Arten er på det næraste altetande, men går spesielt etter fugl, egg, gnagarar og andre små pattedyr. Ein vaksen rev treng 0,5 til 1 kg mat i døgnet. I periodar der mattilgongen er stor vil den hamstre, og gøyme unna mat.

Raudreven er mellom dei predatorane som et mest skogsfugl. I eit forskingsprosjekt ved Høgskolen i Hedmark fann ein at reven står for 80 prosent av reirøveria hos skogsfugl.

Mår

Mår er mellom artane som er eksplisitt nemnt i *forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon*. Smågnagarar, hare, ekorn, fuglar

og egg er viktig næring for måren. Ein finn måren i det meste av Noreg, men det er usikkert i kva grad måren er å finne i Sula. Av omsyn til reproduksjonsevna til andre artar, primært skogsfugl, er mår likevel ein art vi ikkje ønskjer i Sula.

Vurdering:

Artsmangfoldet i kommunen vår er under press. Fleire lokalkjente opplever nedgang i talet på skogs- og sjøfugl. For oppretthalde eit variert dyreliv og for å betre forholda for utryddingstrua artar, ikkje minst på Langevågsholmane og i Veddemarka, kan det vere fornuftig å stimulere til auka fangst på enkelte predatorar.

Mink er ein svartelista art som i artsdatabanken (www.artsdatabanken.no) er plassert i den høgaste risikograppa, basert på invasjonspotensiale og økologisk effekt. Raudrev er ikkje svartelista, men har truleg også ein omfattande økologisk effekt i Sula. Også mår er ein uønskt art i Sula av omsyn til andre viltartar sin reproduksjon. Andre artar som kråke, ravn og ekorn kan også vere aktuelle for skotpremie. Når desse ikkje er inkludert i forslaget, er det for å kunne fokusere ekstra på og insentivere til uttak av dei artane som gjer mest skade.